



VASSBAKK & STOL AS AVD BERGEN
Morvikbotn 165
5122 MORVIK

Saksbehandler, innvalgstelefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Tilbakemelding på meldeskjema og ber om kommentar på bekymringsmelding på arbeid ved Mjåtveit næringsområde

Fylkesmannen har mottatt meldeskjema

Fylkesmannen mottok meldeskjema for pukkverk 4. mai 2020, for knuseverk plassert på gnr. 22 bnr. 236 på Mjåtveit næringsområde. Ut frå vedlagt kart ser det ut som om aktiviteten skjer på gnr. 322 bnr. 218.

I meldeskjemaet går det fram at det er ca. 100 meter til næraste næringsbygg, ca. 200 meter til næraste bustad. Mellom næraste bustad og knuseverket er det opplyst at det er naturleg skog og fjell. Planlagt arbeidstid er mellom kl. 07.00 og 15.00 på kvardagar, med planlagt produksjonstid ut 2020. Det vert opplyst at det er etablert fire siltgardiner over eksisterande bekk som barriere ved arbeid med masseutskiftinga.

Meldeskjema må sendast inn i god tid før oppstart

Som det går fram i meldeskjemaet, må det sendast inn i god tid før arbeidet er planlagt starta. Dette er for at Fylkesmannen skal vurdere om det er nødvendig med særskilt regulering.

Krav om måling og berekning av utslepp

Etter søk i matrikkelen og ut frå plassering av knuseverket på innsendt kart, ligg det både bustad og fritidsbustad nærare knuseverket enn 200 meter. Då krevst det ei støyvurdering før oppstart og støy skal dokumenterast hos den mest støyutsette naboen, jf. §30-9 b i forureiningsforskrifta. Vi ber om at støyvurderinga vert sendt oss snarast, eller at de søker om dispensasjon frå forskrifta etter nødvendig avklaring med råka naboar. Fylkesmannen tar gebyr for vedtak om dispensasjon frå forskrift.

Verksemder med mindre enn 500 meter til næraste nabo skal gjennomføre målingar på støvnedfall målt i 30-dagars periodar, jf. § 30-9 a i forureiningsforskrifta.

Forskrifta sett krav om ei maxsgrense på 50 mg/l suspendert stoff i utsleppspunktet til vatn, jf. § 30-6 i forureiningsforskrifta. Ein må ha dokumentasjon på at utsleppa ikkje er helse- eller miljøskadelege, og kva vurderingar og/eller tiltak som er gjort for å hindre nedslamming og for å sikre resipienten.



Ber om revidert kart over vassvegar

Kartet de har sendt inn med oversikt over vassvegar frå anlegget er vanskeleg å tyde, og vi ber om eit revidert kart som viser kor det er fare for utslepp til vatn frå anlegget.

Vi ber om tilbakemelding på ovanstående snarast og seinast 15. juni 2020.

Bekymringsmelding

Fylkesmannen vart kontakta av Alver kommune 18. mai i samband med ein bekymringsmelding om mogleg fare for forureining frå eit mobilt knuseverk på Mjåtveit næringsområde. Vi fekk og oversendt ein bekymringsmelding frå kommunen 3. juni 2018, opphavleg datert 18. mai.

Mjåtveitelva er eit sårbart vassdrag

Avrenning frå næringsområdet går truleg til Mjåtveitelva. Dette er rekna som eit sårbart vassdrag fordi det er elvemusling her. Elvemuslingen er spesielt sårbare for partikkelavrenning, og det er difor svært viktig at verksemda har eit bevisst forhold til utslepp til vatn frå verksemda.

Ber om kommentarar til klage

Vi ber om kommentar til klage, og opplysingar om eventuelle tiltak som blir sett i verk for å rette tilhøva, gjerne med bilete der det er relevant.

Vi ber om at tilbakemeldinga på bekymringsmelding vert sendt oss snarast og seinast innan **15. juni 2020**. Merk tilbakemelding med referansenummer **2020/7538**.

Med hilsen

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Mari Katrine Berg
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Oversending frå Alver kommune datert 20. mai 2020
Bekymringsmelding, inkl. seks bilete, datert 18. mai 2020

Kopi til:

Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG